

Oddbjørg Heimark held tala for dagen

09.05.2008



Oddbjørg Heimark held tala for dagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dette året er det kyrkjelydsekretær og konfirmantlærer Oddbjørg Heimark som skal halda tala for dagen 17. mai – under festprogrammet på Stemneplassen. Programmet er no lagt ut for sal ymse stader i bygda.

Det har ellers tradisjonelt opplegg og startar med salutt klokka sju.

Gudstenesten i kyrkja er ved sokneprest Sven Harald Nilsen og "Røysterett for alle" syng slik dei plar gjera. Så kjem kransenedleggjinga ved bautasteinen der femte klasse som tradisjonen også tilseier les prologen til Olaf Agnar Gausvik og skulemusikken spelar.

Leikar og konkurranser for born og vaksne ved skulen er neste post og der blir det også sal av mat og drikke.

Folketoget, som startar klokka 14.30, gjekk over Dønhaug i fjor men det gjer det ikkje i år. Denne gongen marsjerer det gjennom båthamna til stemneplassen.

Festprogrammet inneheld, i tillegg til tala for dagen, minneord ved Karoline Neset (17), song ved det ferske skulekoret og fleire numre ved skulemusikken og "Røysterett for alle". Tilslutt går det tog/flaggborg til bautasteinen.

Om kvelden er det både fest i bedehuset og countrykveld på Dønhaug Gjestegard ved Arne Benoni – det siste eit nytt innslag i 17.mai-feiringa i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen